

Utfordringsnotat

Grunnlagsdokument for prosess med kommunal planstrategi og
kommuneplan i Lindås kommune 2016

Innhold

1	Innleiing	3
2	Overordna føringar	4
2.1	Nasjonale føringar	4
2.2	Regionale føringar	4
2.3	Lokale føringar	6
3	Demografisk utvikling	8
3.1	Befolkningsutvikling	8
3.1.1	Fleire eldre	8
3.1.2	Fødselstal	9
3.1.3	Innvandring	9
3.1.4	Arbeidsløyse	11
3.2	Utdanning og fordeling av arbeidsplassar	12
3.2.1	Sjukefråvær	13
3.2.2	Uføre og sosialstønad	13
4	Lindås i regionen	14
4.1	Regionalt knytestpunkt	14
4.2	Regionalt og lokalt samarbeid	14
4.3	Kommunereform	15
5	Næringsutvikling	15
6	Stadsutvikling og utbyggingsmønster	16
6.1	Samordna bustad-, areal- og transportplanlegging	16
6.2	Press på arealressursane	16
6.3	Bustadbygging og bumiljø	17
7	Kommunale bustader	18
7.1	Vedlikehald av kommunale bygg og anlegg	18
7.2	Bustadsosiale problemstillingar	18
8	Samferdsle og infrastruktur	19
8.1	Pendling	19
8.2	Trafikksikring	20
9	Klima og miljø	20
9.1	Klimaendringar	20
9.2	Klimagass utslepp	21
9.3	Elbil	21

9.4	Massedeponi	21
10	Folkehelse.....	22
10.1	Livsstilrelaterte sjukdomar	22
10.2	Fysisk aktivitet i Lindås kommune.....	22
10.3	Psykisk helse.....	23
10.3.1	Psykiske symptom/lidingar.....	23
10.3.2	Psykiske symptom/lidingar blant born og unge.....	23
11	Gode oppvekst- og læringsarenaer	24
11.1	Barnehage.....	24
11.2	Skule	24
12	Kultur, idrett og friluftsliv	25
12.1	Kulturkommune.....	25
12.2	Forventningar til kulturtilbodet.....	25
12.3	Kulturminne.....	25
12.4	Idrett og friluftsliv.....	25
13	Samfunnstryggleik og beredskap	26

1 Innleiing – om utfordringsnotatet

I dette dokumentet er det gjort ei oppsummering av kva utfordringar og muligheiter ein ser for seg i og rundt Lindås kommune i eit kortsiktig og langsiktig perspektiv. Utfordringsnotatet tar utgangspunkt i nasjonal statistikk og føringar, og kunnskap og erfaringar frå einingane internt i kommunen. Notatet skal fungera som eit kunnskapsgrunnlag i det vidare arbeidet med kommunal planstrategi og kommuneplan i Lindås kommune. Dokumentet har også henta kunnskap frå rapporten «Helsetilstand og påverknadsfaktorar i Lindås kommune», og byggjar på føringar gitt i nasjonale forventingar og regionale føringar for kommunal planlegging.

Utfordringsnotatet skal ikkje opp til politisk handsaming, men skal fungere som eit kunnskapsgrunnlag i dei overordna prioriteringane som skal inn i overordna planverk. Bakgrunnen for å utarbeide notatet blei lagt i prosessen med å utarbeide ny kommunal planstrategi (2016 – 2019) og planprogram for kommuneplanen sin samfunnsdel.

2 Overordna føringar

2.1 Nasjonale føringar

Nasjonale forventningar

Regjeringa utarbeider Nasjonale forventningar kvart 4. år. Dokumentet formidlar den nasjonale politikken, og skal fremja berekraftig utvikling. *Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging* blei vedtatt ved kongelig resolusjon 12.juni 2015. Gjeldande nasjonale forventningar er knytt til tre hovudtema: 1) Gode og effektive planprosessar, 2) Berekraftig areal- og samfunnsutvikling, 3) Attraktive og klimavenlege by- og tettstadsområde.

Dei nasjonale forventningane vil vere retningsgivande, men ikkje bestemmande, og skal bidra til at planlegginga blir meir føreseieleg, effektiv og målretta.

Andre nasjonale føringar

Sentrale lover og retningsliner frå nasjonale og regionale myndigheiter legg føringar for kommunal planlegging. Under er nokon av dei viktigaste nemnt.

- Nasjonale forventningar
- Plan- og bygningsloven
- Folkehelseloven
- Naturmangfaldslova
- Sivilbeskyttelseslova
- Samhandlingsreforma
- Helse- og omsorgstenestelova
- Friluftsløva
- Jordlova
- Kulturminnelova
- Forureiningsloven
- Diskriminerings- og tilgjengeløva

Retningsliner

- Statlige planretningsliner for differensiert forvaltning av strandsonen langes sjøen
- Statlige planretningsliner for klima- og energiplanlegging i kommunene
- Rikspolitiske retningsliner for samordna bustad-, areal- og transportplanlegging
- Rikspolitiske retningsliner for å styrke barn og unges interesser i planlegginga
- Rikspolitiske retningsliner for universell utforming
- Regjeringa si miljøpolitikk og rikets miljøtilstand

2.2 Regionale føringar

Regional planstrategi

Fylkeskommunane er regional planmynde. Dei har ansvar for å utarbeida regional planstrategi og regionale planar. Den regionale planstrategien skal gjere greie for viktige regionale utviklingstrekk og

utfordringar, vurdere langsiktige utviklingsmoglegheiter og ta stilling til kva spørsmål som skal takast opp gjennom regional planlegging. Regionale planar skal leggjast til grunn for kommunal planlegging og verksemd.

Hordaland fylkeskommune er i ferd med å revidera regional planstrategi, som skal vedtakast hausten 2016. Planstrategien fastslår kva tema som skal vera gjenstand for regional planlegging i kommande fireårsperiode. Først er det peika på følgjande utfordringar som skal drøftast i sjølve strategiprosessen¹:

- Klimautfordringar og miljø:
 - Klimaomsyn premiss for all samfunnsutvikling
 - Fornybar energi
 - Meir miljøvenleg transportsektor
 - Omstilling til eit meir berekraftig næringsliv
 - Relevant kompetanse
 - Press på arealressursane
- Eit meir inkluderande samfunn
 - Eit integrerande fellesskap
 - Gode oppvekstvilkår
 - Alle i arbeid
 - Ei fleirkulturell framtid
 - Gode bustadmiljø og møteplassar i attraktive senter
- Regional struktur i endring
 - Strukturar under press
 - Digitalisering
 - Ein sterk vestlandsregion

Regionale planar

- Regional areal- og transportplan for Bergensområdet (under arbeid)
- Regional transportplan (under arbeid)
- Regional plan for attraktive senter i Hordaland – senterstruktur, tenester og handel
- Regional plan for folkehelse 2014 - 2025
- Regional kulturplan 2015 – 2025
- Regional næringsplan
- Regional plan for klima og energi

¹ Regional planstrategi 2016 – 2020. utfordringar for Hordaland
http://www.hordaland.no/globalassets/for-hfk/plan-og-planarbeid/regional-planstrategi/regional-planstrategi-2016-20120_utfordringar.pdf

2.3 Lokale føringar

Kommuneplanen

I følge plan- og bygningslova § 11-1 skal alle kommunar ha ein samla kommuneplan som omfattar både ein samfunnsdel med handlingsdel og ein arealdel. Eksisterande kommuneplan for Lindås består av to delar:

- Kommuneplans samfunnsdel 2011 – 2023. Vedteken i kommunestyret 22.9.2011
- Kommuneplanens arealdel 2011 – 2023. Vedteken i kommunestyret 22.9.2011

Samfunnsdelen inneheld omtale av status, utviklingstrekk og utfordringar innanfor:

- Folketal, demografi og busetnadsutvikling
- Næringsutvikling
- Kommuneøkonomi
- Regionsenteret Knarvik, frå tettstad til småby
- Kulturkommunen
- Dei kommunale tenestene og sektorane
- Kommunen som samfunnsutviklar

Kommunal planstrategi

Den kommunale planstrategien er eit verktøy for å prioritere kva planar ein kommune skal utarbeide og rullere i komande kommunestyreperiode. Planstrategien er ein grunnleggjande del av det overordna kommunale plansystemet. Gjennom arbeidet med planstrategien blir eksisterande og nye planar vurdert opp mot dei behov og utfordringar som kommunen har. Kravet om kommunal planstrategi kom inn i plan- og bygningslova i 2010, og alle kommunar skal ha sin planstrategi på plass innan eitt år etter at nytt kommunestyre er konstituert.

Kommunal planstrategi legg hovudpremissane for korleis kommunen skal arbeide med sine prioriteringar og si verksemd i ein kommunestyreperiode. Målet er at kommunen har eit overordna plansystem som heng saman og har ein «raud tråd». Det betyr at kommunen må ha ein oppdatert planstrategi som igjen legg grunnlaget for kva overordna planar som skal prioriterast, og til slutt skal dette vise igjen i dei årlege prioriteringane og handlingsplanane (økonomiplan og verksemdsplanar).

Lindås kommune vedtok sin første kommunale planstrategi 2012 - 2016 i kommunestyremøte 22.11.12. I tillegg blei det gjort ein revisjon av planprioriteringar og framdriftsplanar i kommunestyremøtet 27.11.14. Planstrategien er delt i to, den første delen beskriv utfordringar og områder med planbehov, den andre delen beskriv kva konkrete planar som skal prioriterast. I gjeldande planstrategi var det presisert følgjande hovudutfordringar:

- Utviklinga av regionseneret Knarvik og omland
- Manglande framdrift i utviklinga av kommunikasjonane
- Få ny giv i næringslivet
- Samhandlingsreforma
- Berekraftig kommuneøkonomi

På bakgrunn av desse utfordringane blei følgjande arealplanar og fagplanar særleg lagt vekt på i prioriteringa av planar:

Areal:

- Kommunedelplan Knarvik Alversund med Alverstraumen
- Kommunedelplan for Lindåsosane, Lygra og Lurefjorden
- Områdeplan for Knarvik
- Områdeplan for Ostereidet
- Områdeplan for Lindås
- Områdeplan for Alversund

Fagplanar:

- Kommunedelplan skule
- Kommunedelplan for pleie og omsorg
- Kommunedelplan for trafikksikring
- Kommunedelplan for kultur
- Hovudplanar for vatn og avløp

Vurdering

Det har vist seg at planstrategien som blei vedtatt i 2012 var særst ambisiøs, det var derfor ein hadde ein revisjon av planstrategien i 2014. Den planen som har vore mest krevjande å gjennomføre er områdeplan for Knarvik sentrum, planarbeidet starta eigentleg i 2010 og planen blei vedtatt i juni 2015. Denne planen har ein brukt mykje politiske og administrative ressursar på , og det har bidratt til at andre viktige planar er blitt utsett. Mellom anna har ein ikkje starta på arbeidet med kommunedelplan for Knarvik Alversund med Alverstraumen. Erfaringa er at overordna arealplanar tar mykje tid og kapasitet både på politisk og administrativt nivå. I ny planstrategi er det viktig at ein er tydeleg på prioriteringane, slik at det er mulig gjennomføre det planarbeidet ein faktisk har behov for innafor kommunestyreperioden.

Når det gjeld fagplanar har det vore viktig å få på plass kommunedelplanar for skule, pleie og omsorg. Det blei vedtatt ein kommunedelplan for skule i 2013 og ein kommunedelplan for skulestruktur i 2015. I 2015 blei det også starta eit arbeid med ein ny kommunedelplan for oppvekst, som i stor grad omhandlar dei fagområda som i 2014 ble samla ein oppvekstsektor. Oppvekstplanen kom inn i revisjonen av planstrategien i 2014. Planen er at kommunedelplan for oppvekst skal vere ferdig i 2016. For pleie og omsorg blei det starta eit planarbeid i 2013, men dette arbeidet blei stoppa på grunn av endringar i organisasjonen. Det er utarbeidd ein administrativ plan for helse og omsorg som er gjeldande, men det er planar om å starte arbeidet med ein kommunedelplan hausten 2016. Innafor andre fag har ein rullert kommunedelplan for kultur og det er starta opp planarbeid med kommunedelplan for Idrett, friluftsliv og nærmiljø, trafikksikring, beredskap, landbruk og bustadsosial handlingsplan. Innafor tekniske fag er det jobba med hovudplanar for vatn og avløp, i tillegg til vedlikehaldsstrategiar for kommunale vegar og eigedomar.

Kommunen har i sist kommunestyreperiode gjennomført viktig planarbeid for å leggje til rette for utvikling i kommunen, både på areal og fag. For å klargjere kommunen i størst mulig grad til ei mulig kommunesamanslåing, vil det i ny planstrategi vere viktig å prioritere dei planane som legg best mulig grunnlag for ein ny kommune. Planen er at ny kommune skal vere operativ frå 01.01.20, då må ein ha slutført det viktigaste planarbeidet.

3 Demografisk utvikling

3.1 Befolkningsutvikling

Lindås har, lik landet elles, hatt befolkningsvekst dei siste åra. 1. januar 2016 var det 15 607 innbyggjarar i Lindås kommune.

Lindås kommune har hatt ei relativ folkevekst på 18,1 % i perioden 2005–2015, dette er høgare enn gjennomsnittet i Hordaland (14,1 %). For landet har folketalet auka med 12,1 % i same periode. I følge Statistisk sentralbyrås (SSB) mellomalternativ (MMMM) vil folketalet i Lindås fortsette å stige framover, sjå Tabell 1. I 2030 spår dei at det vil vere 3 008 fleire innbyggjarar i Lindås, det vil seie i alt 18 410 innbyggjarar. Lågaste prognose viser 16 085 innbyggjarar, mens høgaste alternativ viser 19 673 innbyggjarar.

Folketal og framskrive folketal (MMMM) fordelt på aldersgrupper

	2015	2020	2025	2030	2040
0 år	222	- 6	+ 10	+ 13	+ 8
1–5 år	1 044	+ 39	+ 154	+ 211	+ 193
6–12 år	1 457	+ 78	+ 144	+ 292	+ 392
13–15 år	668	- 6	+ 23	+ 25	+ 136
16–19 år	837	- 5	+ 27	+ 54	+ 177
20–44 år	4 911	+ 272	+ 485	+ 689	+ 835
45 – 66 år	4 165	+ 158	+ 298	+ 493	+ 919
67–79 år	1 467	+ 438	+ 752	+ 763	+ 897
80-89 år	488	+ 10	+146	+ 457	+ 737
90+	143	- 3	- 2	+ 11	+ 185
Totalt endring		+ 975	+ 2 037	+ 3 008	+ 4 479
Totalt folketal	15 402	16 377	17 439	18 410	19 881


Tabell 1: Framskrive folketal Lindås kommune, etter mellomalternativet (SSB tabell 10213).

Tabell 1 viser framskrive folketal fordelt på "funksjonelle aldersgrupper". Fordelinga i dei funksjonelle aldersgruppene gjer det enkelt å sjå kor mange til dømes barnehagebarn, barneskulebarn og ungdomsskuleelevar vi kan forvente å få i Lindås dei neste åra. Dei ulike aldersgruppene har forskjellige krav og forventningar til kommunale tenester.

3.1.1 Fleire eldre

I følge framskrivingane til SSB vil gruppa eldre (70 år eller meir) doblast dei neste 30 åra, på landsbasis. Det er ein konsekvens av at dei store etterkrigskulla blir eldre, samtidig som levealderen aukar. I Lindås er det venta at 20 % av befolkninga er over 67 år i 2040 (tilsvarande 14 % i 2015). Dette vil påverke fleire av kommunen sine tilbod og tenester; til dømes helse, pleie og omsorg, kultur og fritidsaktivitetar og økonomi. Utviklinga vil og få konsekvensar for kommunen sin bustadpolitikk.

Innbyggjarar i arbeidsfør alder (20–66 år) per innbyggjarar 80 år og over, Lindås kommune.



År	Innbyggjarar 20–66 år per innbyggjar 80 år og oppover
2015	14,4
2020	14,9
2040	7,0

Tabell 2: Forventa innbyggjarar i arbeidsfør alder per innbyggjarar over 80 år(SSB tabell 10213).

Tabell 2 viser ein reduksjon i forholdstalet mellom dei to aldersgruppa; frå 14,4 i 2015 til 7,0 i 2040. Det betyr at det blir færre innbyggjarar i yrkesaktiv alder for kvar innbyggjar 80 år og over.

3.1.2 Tal på fødde


I Lindås har det vore ein liten oppgang i talet på fødde; i 1990 årene vart det fødd i snitt 167 barn kvart år og på 2000 talet vart det fødd i snitt 176 barn kvart år. Dei siste 5 åra er dette auka ytterlegare til 192. Utviklinga på tal fødde viser stabile tal for fylket. I 1990 vart det fødd 6 339 og i 2010 vart det fødd 6 367 i Hordaland².

Fødselstala vil få konsekvensar mellom anna for framtidig skulestruktur. Ei anna konsekvens er at stadig færre har røtene sine i distriktet. Tilknytning til ein stad er viktig for val av bustad. Denne strukturelle endringa vil sannsynlegvis få konsekvensar for komande generasjonars bustadval.

3.1.3 Innvandring

Nettoinnflytting har vore meir avgjerande for folketalsutvikling enn fødselsoverskot. Innvandring frå utlandet har mindre å bety for folketalsutvikling i Lindås kommune enn i mange andre kommunar. I 2014 var nettoinnvandring frå utlandet til Lindås kommune på 69 personar, medan innlandsflytting var på 167 personar og fødselsoverskotet på 97 personar, sjå Figur 2.

² SSB tabell 06913



Folketilveksten i Lindås kommune etter type siste 10 år³

I 2014 var 7,6 % av Lindås kommune sine innbyggjarar innvandrarar. Tabell 4 visar dei fem vanlegaste landbakgrunnane. Samla sett kom 69,2 % av innvandrarane i kommunen frå ulike land i Europa, medan innvandrarar frå Afrika og Asia utgjer 25 % av busette innvandrarar i Lindås.


Landbakgrunn	Tal på personar
Polen	233
Romania	133
Litauen	126
Thailand	65
Filippinene	55

Tabell 4: Dei fem vanlegaste landbakgrunnane, Lindås kommune⁴

³ SSB tabell 01223

⁴ SSB tabell 09817


Innvandringsgrunn og kjønn



Figuren viser antall innvandrere fordelt etter innvandringsgrunn i 2015 i Lindås.

41,5 % av kvinnene og 67,1 % av mennene i gruppa «Flyktningar og deira familieinnvandarar» i arbeid i 2013.

Syssetting etter innvandringsgrunn



Figuren viser andel personer fordelt etter innvandringsgrunn og kjønn i 2013 i Lindås.

3.1.4 Arbeidsløyse

Å vera i arbeid er kanskje den viktigaste faktoren for tilknytning til samfunnet. Fram til no har Hordaland vore prega av mangel på arbeidskraft med påfølgande høg arbeidsinnvandring. No aukar

arbeidsløysa, mest blant menn på grunn av næringsstrukturen i fylket. Også gruppa unge har problem med å koma inn i arbeidsmarknaden. Det blir viktig å nytte kompetansen dei nyutdanna har for å hindre at unge blir ståande ufrivillig utanfor arbeidslivet og går over på passive ytingar som uføretrygd⁵.

Ved utgongen av 2015 var 3,3 % av arbeidsstokken i Nordhordland registrert som heilt ledige. Nordhordland er pr. i dag den regionen, saman med Sund (3,6 %), som har høgast arbeidsløysa i fylket. Lindås er ein av kommunane som har hatt størst auke i tal ledige det siste året. Ved utgongen av 2015 var 279 personar registrerte som heilt ledige, noko som er 42 % fleire enn på same tid året før. Det er venta at ledigheten skal stige ytterlegare før den flatar ut og går ned igjen anslagsvis 2017- 2018⁶.

Frå 2008 – 2014 har arbeidsledigheita vert relativt stabil (1,2 – 1,8 %)⁷.

Hovudutfordringar og særtrekk

- Fleire eldre i alderen 70 år eller meir. Krev meir kompetanse inn i helsesektoren, spesielt innan heimesjukepleia.
- Få innvandrarar i Lindås og mesteparten er arbeidsinnvandrarar frå Aust-Europa.
- Kommunen skal ta i mot fleire innvandrarar og flykningar i framtida. Eit relativt lågt tal flykningar som bur i Lindås i dag er i arbeid. Korleis legge til rette for integrering og sysselsetting?

3.2 Utdanning og fordeling av arbeidsplassar

Lindås kommune har ein høg del innbyggjarar med grunnskule som høgaste utdanning (28,1 %). Ca 50 % har vidaregåande skule som høgste utdanning, mens 23 % har høgare utdanning med 4 år eller meir på høgskule eller universitet. I heile Nordhordland ser vi same trend. Tala i Lindås har helde seg relativt stabile over ein 15 års periode med svak auke av innbyggjarar med universitets- og høgskuleutdanning t.o.m. 4 år. Til samanlikning er talet for innbyggjarar med universitets- og høgskuleutdanning i Hordaland 32 % og talet for landet er 31,4 %. Rikeleg tilgang på godt lønna oljerelatert arbeid kan vere med på å forklara dette trekket ved vår region. Vi ser same trend i kommunane vest for Bergen.

I Lindås finn ein dei fleste arbeidsplassane innan industri og olje, varehandel, helse - sosial og tenester. Med mange arbeidsplassar spesielt innan industri og olje er arbeidstakarar (og kommunen) sårbar ved økonomiske nedgangstider som vi opplever nå.

⁵ Regional planstrategi 2016 – 2020. utfordringar for Hordaland

http://www.hordaland.no/globalassets/for-hfk/plan-og-planarbeid/regional-planstrategi/regional-planstrategi-2016-20120_utfordringar.pdf

⁶ NAV sine prognosar

⁷ <http://statistikk.ivest.no/hf/>

Jord/skogbruk/fiske	2,2 %
Industri og olje	21,1 %
Byggevirksomhet	6,5 %
Varehandel	12,5 %
Overnatting og servering	2,1 %
Offentlig administrasjon	4,2 %
Undervisning	9,5 %
Helse-sosial	19,4 %
Tjenester	22,5 %
<u>SUM</u>	<u>100,0 %</u>
% endring siste 3 år	-3,57 %

3.2.1 Sjukefråvær

Andelen arbeidstakarar 16 – 69 år med legemeldt sjukefråvær er 6,8 % i kommunen. Over ein ti års periode viser statistikk at sjukefråveret er på veg ned. Tal viser eit par toppar til dømes i 2009 og i 2012. Ein mogeleg forklaring kan vere etterdønningar etter finanskrisen eller til dømes særskilte lokale forhold. Totalt sett er sjukefråveret i kommunen innanfor normal variasjon⁸. Uro i arbeidsmarknaden kan slå ut på sjukefråveret. Med nedgangstider i oljenæringa kan kommunen kome til å oppleve ein auke i sjukefråveret framover.

Tilsvarende tal for Bergen er 6,0% og sjukefråveret har vore stabilt i same periode. Fjell og Askøy har noko høgare sjukefråvær enn Lindås, men tala viser også her ein jamt synkende kurve med eit par toppar. Det totale sjukefråveret i Hordaland er 5,6 % og har også vore stabilt dei siste 10 åra.

3.2.2 Uføre og sosialstønad

Delen av uføretrygda i Lindås i alderen 18 – 44 år i perioden 2012 – 2014 var på 2,7 %. Talet har vore stabilt, men med ei lita auke frå 2007^[1]. Meland har tilnærma same tal som Lindås, mens Bergen, Os og Fjell har lågare prosent uføretrygda i same periode.

Andelen unge med sosialstønad ligg på 7,8% i aldersgruppa 18-24 år. Samanlikna ligg Fjell på 6,6, Askøy 4,4, Os 4,3 og Stord på 6,3. Bergen ligg på 4,3. Øvrig ligg andel sosialhjelpsmottakarar innanfor gjennomsnittsområdet. Elles ligg andel sosialhjelpsmottakarar innanfor gjennomsnittsområdet.

⁸ Tabell 08323 SSB

Hovudutfordringar og særtrekk

- Samanlikna med andre delar av landet har Lindås låg del med innbyggjarar som har høgare utdanning. Ein generell tendens er at utdanning heng saman med sjukefråvær, unge med sosial stønad og mottak av uføretrygd.
- Talet på unge på sosialstønad er høgare enn i våre nabokommunar.
- Lindås har ein høg del NAV brukarar. Fare for overgang til uføretrygd frå desse ordningane er stor. Korleis skal kommunen arbeide opp mot denne gruppa?

4 Lindås i regionen

4.1 Regionalt knytestpunkt

Lindås og Knarvik er utpeika som regionalt knytestpunkt i Regional plan for attraktive senter (2014) utarbeida av Hordaland fylkeskommune. I følgje planen skal befolkninga kunne nå dei fleste funksjonar og tenester i eit regionsenter innan ein rimeleg reiseavstand. Vidare blir det lagt vekt på at regionsentra skal tilby innhald og funksjonar som ein ikkje kan forventa å finne i alle kommunar. Store deler av Nordhordland ligg innanfor en reiseavstand på 1 time frå Knarvik. I tillegg til service og tenesteyting, er fleire regionale funksjoner lokalisert i Knarvik, til dømes legevakt og vidaregåande skule. Knarvik ligg i dag ca. 30 km frå Bergen sentrum, og rekna reisetid med bil er omlag 26 minutt. Med ny Nyborgstunell kan avstanden kortast ned med ca. 5 km, og kan dermed gjere Knarvik meir attraktiv på bustadmarknaden og i forhold til nye næringsetableringar.

Saman med Fjell, Meland og Os deltar Lindås i Byregionsprogrammet. Kommunane søker saman om tilskot til å utvikle strategiar og tiltak for å styrke sin posisjon som randkommune til Bergen. Det er utarbeida analyser som viser to klare hovudtrekk i regionen som det skal arbeidast vidare med. Det er å utvikle attraktive sentrum og skape vekst i eiga kommune. Tema som blir prioritert i Byregionprogrammet er: Felles gang og sykkelstrategi, fremtidas bustader og buområder, og arbeidsplassar og næringsliv.

Knarvik er i dag eit tydeleg regionsenter i Nordhordland, og det vert forventa at tettstaden vil halda posisjonen som handels-, teneste- og administrasjonssenter framover. Knarvik er i dag prega av parkerings- og trafikkareal, med stort sett handel og service sav verksemder. Det er lita grad av aktivitet på kveldstid og i helgar, og rom for rekreasjon og oppleving. Knarvik er i endring og områdeplan for Knarvik sentrum blei vedtatt 18.juni 2015. Knarvik skal utviklast med bymessige strukturar og kvalitetar, og planen legg vekt på tilrettelegging for handel og service, ei god kollektivdekning, effektive parkeringsløyisingar og gode byrom for aktivitet og sosialt samvære.

4.2 Regionalt og lokalt samarbeid

Gjennom Regionrådet i Nordhordland og Nordhordland Utviklingsselskap deltar Lindås i ei rekkje politiske og faglege samarbeidsnettverk. Samarbeidet gjeld innafor dei fleste fagområder, samferdsel, IKT, barnevern, brann, helse, renovasjon, økonomi. Ei liste frå 2014 viser at det er nærare 50 ulike interkommunale samarbeidstiltak.

4.3 Kommunereform

Stortinget har vedteke at det skal gjennomførast ei kommunereform. Føremålet med reforma er å flytte makt og ansvar til større og meir robuste kommunar. Regjeringa har varsla endring i oppgåvene for kommunane og forslag til nytt inntektssystem.

Per april 2016 har Lindås teikna to intensjonsavtalar om samanslåing. Den eine avtalen er ei samanslåing av Radøy, Meland og Lindås. Den andre avtalen er med 8 kommunar i Nordhordland. Kommunestyret i Lindås skal ta stilling til desse alternativa innan 1. juli 2016. I prosessen er det halde folkemøter kor kommunen har informert om prosessen og innhaldet i intensjonsavtalen. I tillegg blir det gjennomført ei opinionsundersøking blant innbyggjarane i Lindås.

Hovudutfordringar og særtrekk

- Knarvik som regionsenter har større avstand til Bergen enn dei regionale sentra på Fjell og Askøy.
- Kva funksjonar skal Knarvik styrke i forhold til resten av Bergensregionen? Korleis skal Knarvik posisjonere seg som regionsenter?
- Korleis få til den byutviklinga og transformasjonen som Knarvik-planen legg opp til?

5 Næringsutvikling

Viktige føresetnader for utvikling av næringslivet i distrikta er blant anna geografisk plassering, gode kommunikasjonslinjer, variert og godt bustadmarknad, tilgang til næringsareal og lett tilgang til gode kommunale tenester. Som regionsenterkommune har Lindås eit godt utgangspunkt for vidareutvikling og styrking av næringslivet.

Globale trendar påverkar Lindås både direkte og indirekte. Til dømes kraftige kostnadskutt og reduserte investeringar i olje- og gassnæringa, kombinert med fall i oljeprisen påverkar arbeidsmarknaden. Konsekvensane kan vere større arbeidsløyse og svekking av inntektene til kommunen. Sidan 2008 ser ein at arbeidsplassar innan kommunal forvaltning har hatt ein jamn auke, medan arbeidsplassar innan privat sektor og offentlege føretak har hatt ein jamn nedgang⁹.

Likevel ser ein at det i perioden 2009 – 2016 har vore ei jamn auke i tal verksemder i kommunen, med unntak av ein liten dupp i 2014. Dette er samla tal for alle næringar. I 2015 vart det etablert 67 nye verksemder i Lindås og 64 nye verksemder er registert i 2016¹⁰.

Gjeldande kommuneplan legg som strategi at nye næringsområder i hovudsak skal utviklast i nærleiken av E39 og fv.57. Kommunen legg til rette for vekst og utvikling ved å gje gode rammer for næringslivet. Langsiktig tilrettelegging av infrastruktur og tilgjenge til gode næringsareal på land og eventuelt i sjø, eit godt transportsystem og elles god infrastruktur, er avgjerande for næringsutvikling. Det er viktig at kommunen har god dialog med næringslivet.

⁹ Tabell 07979 ssb

¹⁰ Tabell 10309 ssb

Hovudutfordringar og særtrekk

- Legge til rette for næringsetableringar Knarvik - Mongstad. Er det avsett tilstrekkelig med areal til næring i gjeldande kp., og er dette avsett på rett stad?
- Kommunen sin rolle som tilretteleggjar og utviklar
- Auke nyetablering i næringslivet
- Utnytte kompetansemiljøet på Mongstad

6 Stadutvikling og utbyggingsmønster

6.1 Samordna bustad-, areal- og transportplanlegging

Gjeldande kommuneplan (2010 - 2022) legg samordna areal- og transport planlegging til grunn for utbyggingspolitikken i kommunen. Eit utbyggingsmønster med fortetting langs kollektivtransporttrasear er eit hovudprinsipp. Dette fremjar både kollektivtransport og helsefremjande gang- og sykkeltransport. Kommunen er samstundes oppteken av busetting og utvikling av bustader og bumiljø i heile kommunen, både i senterområda og dei mindre bygdene. Knarvik, Ostereidet og Lindås er definert som senterområde i kommunen. Intensjonen med dette er at dei sentrumsnære utbyggingsområda får høgare utnytting og ei anna utforming (bygningstypar), enn dei områda som ligg med større avstand til sentrum.

Eit anna mål med samordna bustad-, areal- og transportplanlegging er at veksten i persontransporten i storbyområda skal takast med kollektivtransport, sykkel og gange. For Bergensområdet generelt skal delen av reiser med privatbil reduserast frå 64 % til 56 % av alle turar innan 2024. Delen av reiser med kollektivtransport skal auke frå 12 til 16 %. Delen av reiser med sykkel skal aukast frå 3 til 8 %. I sentrale delar av byane og tettstader bør sykkelandelen i høve til føringane i nasjonal transportplan liggje i intervallet 10-20 %.

Bussterminalen ligg i Knarvik sentrum, og det blir arbeida med lokalisering av midlertidig terminal. Busstilbodet er best i tettstadene. Skyss arbeider med å betre busstilbodet, hovudsaklig på strekninga Alversund – Knarvik og mot Bergen.

For dei som ikkje bor i senterområda er folk avhengig av bil. Lindås er ein typisk privatbilkommune, utstrakt og med lange avstandar. Det er relativt få som går og sykklar, sjølv i Knarvik. Her ligg eit stort potensiale. Kommunen har ikkje ein eigen sykkelstrategi. Kommunen skal legge til rette for gode koplingar/snarveger internt i nye utbyggingsfelt kopla opp mot eksisterande tettstad i alle nye arealplanar. Byregion-prosjektet, som kommunen er ein del av, legg opp til å gjennomføre ei spørjeundersøking for å kartlegge eksisterande sykkelbruk og få kunnskap om kva tiltak som må etablerast for å få fleire til å sykle.

6.2 Press på arealressursane

Nedbygging av areal og forbruk av ikkje-fornybare ressursar er forhold som bør vurderast nøye. Nedbygging, manglande heilskapleg prioritering av arealbruk og kortsiktig bruk av naturressursar er uheldig. I dagens overordna planar ligg det inne omdisponering av noko dyrka mark (Lindås, Åse, Alversund – Fosse, mfl). Generelt har det vore bygd ned lite dyrka mark gjennom reguleringsplanar

siste åra. I 2015 vart det berre omdisponert eit par mål gjennom delingssaker. Landbruksavdelinga er i oppstartsfasen i høve å utarbeida ein landbruksplan for kommunen.

Det er eit aktivt landbruksmiljø i Lindås kommune, sjølv om talet på bønder går ned også her. Areal i drift er relativt stabile, men ein del marginalt areal går ut av produksjon.

I framtida vil sjø og kystline spela ei enda sterkare rolle i matforsyning, også av klima- og miljøomsyn. Lindås har ei langstrakt kystline der potensialet for fiske og akvakultur er stort. Nye artar av algar, skaldyr og fisk, kan i framtida spela ei viktigare rolle.

6.3 Bustadbygging og bumiljø

Sentraliseringstrenden er tydeleg på alle nivå, i landet, i fylket og i kommunen og skapar press på kvalitetane i vekstområda. Rundt 80% bur no i tettstader i Hordaland. Det er både eit nasjonalt og regionalt mål at hovudtyngden av veksten skal skje gjennom fortetting i tettstadene, og at den støtter opp under kollektivknytepunkt og gang- og sykkelvegnett. I Lindås har det vore ei jamn befolkningsvekst i senterområda sidan 2000. Eit generelt trekk i same periode har vore ei negativ folketalsutvikling i dei mindre grendene.

Eit inkluderande bumiljø har ein variert bustadmasse som skapar vilkår for mangfald i alder, inntekt og hushaldstypar. Hushaldningar med ein person aukar både blant unge og eldre. Eit godt bustadmiljø har til dømes kjenneteikn med gode universelt utforma møteplassar og uavhengig av bil. Dette betyr kompakt utbygging i gangavstand frå ein definert sentrumskjerne.

Blir det tilbydd tilstrekkeleg med attraktive bustader og bumiljø i kommunen? Frå 2010 – 2015 var det ei auke i tal fullførte og starta bustader i kommunen, med ein topp i 2012 og 2013¹¹. I 2014 var det flest fullførte og starta einebustader i Lindås. Tala kan tyde på at det fortsatt er stort fortettingspotensial i tettstadene.

Gjennomsnittspris kvm.pris (kr) for einebustader er betydelig lågare samanlikna med blokkbustader. Til samanlikning ligg gjennomsnittspris kvm.pris (kr) 2014 for einebustader i Bergen på 30 306 kr, tilsvarande for småhus og blokkbustader kvm.pris er 45 601kr. Bustadprisane ligg noko høgare i Meland enn i Lindås, mens bustadprisane i Radøy ligg nokre lågare.

Hovudutfordringar og særtrekk

- Kven flyttar til Lindås?
- Legge til rette for berekraftige og gode lokalsenter.
- Korleis legge opp fortetting i Knarvik og Alversund området? Fokusere på fortetting med kvalitet.
- Spreidd bustadbygging i kommunen.
- Fleire skal prioritere å gå, sykle eller bruke kollektiv transport.
- Ivareta omsyn til jordvern og biologisk mangfald i planlegging og utføring. Her inngår marine areal.

¹¹ Tabell 05940 ssb

- Klarer kommunen å leggje til rette for attraktive bustadtypar og bumiljø? Korleis skape gode bumiljø for fleire målgruppe i same område?

7 Kommunale bustader

Kommunen har omkring 200 kommunale bustader. I følgje Kostratal låg kommunen under med 13 bustader pr 1000 innbyggjarar i 2013 mot 17 i gruppe 8 og 19 i Hordaland. I 2014 er tala 12 for Lindås. Vi ligg ein del høgare i tal søkjarar som får avslag på søknad om kommunal bustad i 2013, men ligg stabilt med dei andre tidlegere år. Kommunen har ein større del bustader som er tilrettelagt for rullestolbrukarar enn dei andre gruppera.

I 2008 var det prosentvis flest 2.gangs etablerte flykningar (23 %) som fikk tildelt kommunal bustad i Lindås. Andre brukargrupper var vanskelegstilte (20 %), rørslehemma/fysisk funksjonshemma (17 %), rusmiddelbrukarar med og utan psykiske lidningar (14 % og 9 %) og personar med psykiske lidningar (11 %). Til samanlikning var det berre rørslehemma/fysisk funksjonshemma (43 %) og vanskelegstilte (33 %) som fikk same tilbod i Meland. I Bergen var det prosentvis flest vanskelegstilte som fikk vedtak/tildelt kommunal bustad (53 %), dernest 1. og 2.gongs etablerte flykningar (14 % og 14 %)¹².

7.1 Vedlikehald av kommunale bygg og anlegg

Kommunen har i dag ca 100.000m² kommunal eigedom i tillegg til idrettsområder og friområder.

Kostratal frå 2013 viser at utgifter til vedlikehaldsaktiviteter i Lindås var 53 kr/m². Til samanlikning var utgifter til vedlikehald i Gruppe 8 77kr/m², for Hordaland 81kr/m², for heile landet 105kr/m² og for Bergen 83kr/m². I 2016 har Lindås fått ei auke på 3 mill på vedlikehaldsbudsjettet. Med 100.000m² vil vi i 2016 vere på snittet i Hordaland og med den planlagde auken dei neste to åra vil vi vere på landssnittet.

Kommunen har utarbeida ein vedlikehaldsplan kor alle bygg skal ha vedlikehald kvart 4. år. Eigedomene skal gjennom ein tilstandsanalyse og avvika blir delt i raude, gule og grønne. Tilgjengelege vedlikehaldsmidlar pr 2016 er 7,8 mill. Det er ikkje nok midlar til å lukke alle raude avvik og vi vil ikkje kunne drive verdibevarande vedlikehald. Mange av dei gule avvika vil bli raude innan vedlikehaldsperioden på 4 år. Det er eit etterslep på vedlikehaldet på kommunale bygg i dag.

7.2 Bustadsosiale problemstillingar

Kommunen har ca 200 kommunale bustader i dag. Det er behov for å sjå på den bustadsosiale bustadstrukturen og kartleggje dei reelle behova i ulike brukargrupper. Dette vil bli gjennomført i arbeidet med bustadsosial handlingsplan som startar våren 2016.

Hovudutfordringar og særtrekk

- Kva type kommunale bustader skal kommunen ha? Kor er dei kommunale bustadene lokalisert?
- Flyktningfamiliar vert ofte buande svært lenge i kommunale bustadar. Korleis skal kommunen leggje til rette for at flest mogleg klarer seg sjølv?

¹² Tabell: 06278 ssb

8 Samferdsle og infrastruktur

Biltrafikken over Nordhordlandsbrua har auka med 14 % frå 2008 til 2013 og auken fortset. I 2014 passerte 16580 bilar over brua. Stopp i trafikken i Knarvik-området og mot Bergen synes å skje oftare enn før, med kilometerlang kø som konsekvens. Dette påfører samfunnet store kostnader.

Vegsystemet i Bergensområdet er generelt sårbart med mange bruer og tunnelar på innfartsårene. I nord gjeld dette særleg bruene tilknytt Flatøy, men også E39 gjennom nordre del av Åsane kjem i denne kategorien. Kriseløysingar og omkjøringar her er svært dårlege og sjølv små hendingar på vegen utløyer store trafikale problem både for private og næringslivet. Særleg i regionsenteret Knarvik er der betydelige utfordringar når ein skal møte framtidige by-krav, både interne og som regionsenter i Hordaland.

Nyborgtunnelen er fremja som det viktigaste tiltaket for å utbetre infrastrukturen til Bergen.

Tunnelen vil gje eit meir effektivt riksvegnett, og fører til ei innkorting på over 5 kilometer. Dette vil gje klart betre tilgjenge mellom Bergen og Nordhordland, og vert vurdert som eit strategisk viktig tiltak for vidare utvikling av regionen. Tunnelen vil isolert sett kunne bidra til auka biltrafikk, men vil også gje tilsvarande betre kollektivtilgjenge.

For at framtidig samferdsel mot Bergen skal fungere er det ein føresetnad at det ulike stader er etablert innfartsparkering med god kapasitet for bil og sykkel. Lokale forhold som geografi, hyppigheit på kollektivtilbodet, om dette er knytt til større terminalar eller mindre haldeplassar tilseier at innfartsparkeringsanlegg vil variere mykje i storleik og tilpassing. Sentralt i dette arbeidet er at dei framtidige anlegga skal gjere overgangen til kollektivnettet smidig, og vere lokalisert slik at det vert attraktivt å nytte kollektivtransport.

8.1 Pendling

Mellom 2009 – 2014 har det vore ein liten reduksjon av utpendling frå Lindås generelt til andre stader i Hordaland. Frå 2012 ser ein tilsvarande auke av pendling til Bergen. Pendling frå Bergen, Meland, Radøy og Austrheim ligg stabilt i same periode, med ein liten nedgang av pendlarar frå Bergen. Ein mogleg årsak kan vere at fleire som har vore busett i Bergen har flytta til Lindås eller Nordhordland.

Pendling frå Nordhordland (2012) til Bergen var 3950 arbeidstakarar, mens pendling frå Bergen til Nordhordland var 1350. Prognoser viser at pendling frå Bergen i år 2033 til Nordhordland er estimert til å bli 2182, mot pendling frå Nordhordland til Bergen vil vere 5533. Tal frå 2014 viser at av kommunane rundt Bergen er det størst innpendling til Bergen frå Askøy og Fjell. Deretter frå Os, Lindås og Meland.

Reisande med Snøgg båten i 2014 (snitt pr mnd) var 7682, og økte til 9315 reisande i snitt pr mnd i 2015. Snøgg båten har fire avgangar frå Nordhordland til Bergen om morgonen, og to om ettermiddagen. Frå Bergen til Nordhordland går det tre turar om formiddagen, og tre om ettermiddagen.

8.2 Trafikksikring

I Lindås er der 217 km med kommunevegar, og 133 km med fylkesvegar.

Lindås har prioritert arbeidet med trafikksikring høgt og vart i 2013 årets trafikksikringskommune saman med Austrheim. Kommunen og blålysetatane samarbeider tett og samarbeidet med fylket og Statens vegvesen er godt.

Tal frå 2013 viser likevel at ca 60 % busette i tettstader har trygg tilgang til rekreasjonsareal og nærturterreng. Til samanlikning er det 70 % i Fjell og Meland, ca 75 % på Askøy og ca 60 % med trygg tilgang til slike areal i Bergen¹³.

Hovudutfordringar og særtrekk

- Oppretthalde det store fokuset på trafikksikring over tid, samt ha gode tiltak på gjennomkjøringstrafikantane på E39.
- Det må utviklast eit tenleg vegnett som er tilpassa behov for transportsektoren.
- Legge til rette for utvikling av meir sjøtransport,
- Redusere transportbehov og legge til rette for meir miljøvennlig transport.
- Etablere attraktiv pendlarparkering som fundament for kollektivløyisingar
- Sikre trygg tilgang til rekreasjonsareal og turterreng i nærområda.

9 Klima og miljø

9.1 Klimaendringar

Klimaet er i endring og dette vil få svært alvorlege følgjer både for naturmiljø, folk og samfunn over heile verda. Hordaland vert også råka av eit varmare og våtare klima med ekstremver. Klima- og energiplan for Lindås kommune vart vedteken i 2010 og det bør vurderast om denne skal reviderast i den komande kommunestyreperioden. Det er i planen fastsett tiltak knytt til stasjonær energi, arealbruk og transport og andre tiltak knytt til mellom anna kartlegging av potensiale for småkraft, miljøsertifisering av eiga verksemd, tiltak i landbruket og tilsetting av miljø- og klimakonsulent for oppfølging av planen. Ein del av tiltaka er gjennomført og/eller under arbeid.

Sett i høve til mange andre kommunar er Lindås middels og lite utsett i høve klima og klimaendringar. Indre strok er til ein viss grad utsett for ulike former for skred og litt flomutsett. Kommunen er elles noko sårbar for vind og lyng/skogbrann, begge deler vesentlig grunna tilskoging og lite beiting. Dette har konsekvensar for mellom anna straum- og telenettet.

Den mest kostbare forma for klimapåverknad er sannsynligvis nedbør, både den intense og særleg den langvarige. Vegnettet i kommunen er i stor grad enkelt oppbygd og med store utfordringar på drenering ved lange nedbørsperiodar. Særleg om vinteren ser ein tydelig nedbryting av vegkroppen og tung aksellast i milde, våte vintrar kan vere øydeleggande for vegane, både overflate og langt nedover i konstruksjonen.

¹³ Tabell: 09579 ssb

Milde vintrar med temperaturveksling rundt null grader er også svært utfordrande for drifta og gjev lett glatte vegar med vanskelig framkomst.

9.2 Klimagass utslepp

Hordaland har størst utslepp av klimagassar av alle fylka. Transportsektoren og industri er dei største kjeldene til utslepp. Mykje av utsleppa kjem frå kvotepliktig sektor der Hordaland er dominert av punktutslepp frå sju industriverksemder med Statoil-Mongstad-raffineriet som landets største. Den sentrale utfordringa er å ta klimaomsyn i all samfunns- og arealplanlegging.

Transportsektoren er ein stor bidragsytar til lokal luftforureining og klimagassutslepp i Hordaland, legg beslag på store areal, inneber store kostnader både økonomisk og for liv og helse. Eit viktig grep er å lokalisere bustader i høve til arbeidsplassar, tenester og fritidsaktiviteter slik at det minskar transportbehovet. I tillegg kan nærleik stimulere til gange og sykling som er svært positivt i eit folkehelseperspektiv.

9.3 Elbil

Lindås kommune bygde kraftig ut sitt tilbud av ladestasjonar for nokre år sidan med om lag 38 ladepunkt. Dette var av den meir enkle typen og seinare er det kome fleire kraftige hurtigladarar. Auken i el-bilparken er stor og det er til tider kø ved einskilde punkt. Når det gjeld fyllestasjoner for hydrogengass, så har Lindås kommune ingen slike.

9.4 Massedeponi

Lindås kommune har ingen godkjente mottak for stein eller jordmassar. Det har likevel vore tatt imot store mengder jord/myr på einskildlokalitetar etter handsaming av landbrukskontoret. (Åse, Li – Eikanger). Det er generelt stor etterspurnad frå bønder/grunneigarar som vil ta imot massar, samt frå entreprenørar som ønskjer å verta kvitt massar og forureina massar.

Kommunen har starta arbeidet med å utarbeida ein kommunedelplan for massehandtering i området kring Mongstad. Planprogrammet er vedteken. Plan og miljøutvalet har gjeve signal om handsaming av einskildsaker fram til kommunedelplanen er vedteken. Kommunen tek del i eit interkommunalt prosjekt i Nordhordland - «Jordmassar frå problem til ressurs – ta vare på matjorda».

Hovudutfordringar og særtrekk

- Auke vedlikehald og oppgradering av vegnettet for å kunne takle auka nedbør. Forebygge stormskader på el.- og telenettet.
- Redusera forureinande utslepp frå transport, bygg og anlegg
- Styrke samordna av areal- og transportplanlegginga
- Vidare utbygging og finansiering av ladestasjonar, både av utbygging og drift.
- Handtering av forureina massar

10 Folkehelse

Våren 2016 har kommuneoverlegen i Lindås utarbeida eit oversiktsdokument over «Helsetilstand og påverknadsfaktorar i kommunen».

Det kjem fram av rapporten at sjølv om helsetilstanden jamt over er god, har Lindås kommune to hovudutfordringar der det finst påverknadsfaktorar som kommunen rår over.

1. Blant vaksne ser vi livstilsjukdomar som overvekt, hjarte- og karsjukdom og diabetes type 2.
2. Unge strever med psykiske plagar, einsemd, og fleire strever med læringsutbytte i skulen.

10.1 Livsstilrelaterte sjukdomar

Fleire blir lagt inn på sjukehus med hjerte- og karsjukdom i Lindås enn i landet under eitt. Fleire enn snittet i landet blir behandla for diabetes type 2 i Lindås. Det er også fleire som får behandling i primærhelsetenesta for desse sjukdommane. Tobakksvaner, fysisk aktivitetsnivå og kosthald er blant dei viktigaste påverknadsfaktorane for livsstilrelaterte sjukdomar som hjerte-kar sjukdommar, kreft, fedme, diabetes og høgt blodtrykk.

I 2013 hadde 20 per 1000 innbyggjarar hjerte- og karsjukdomar i Lindås, og talet har heldt seg stabilt over ein 5 års periode. Til samanlikning har Fjell kommune like tal som Lindås, Meland har nokre høgare tal, mens Os, Askøy og Bergen har færre tilfelle av hjerte- og karsjukdomar per 1000 innbyggjarar.

Delen med daglege røykarar (16-74 år) i Hordaland har en jamn synkende kurve dei siste 10 åra¹⁴.

10.2 Fysisk aktivitet i Lindås kommune

I følge idrettsregistreringa til Norges idrettsforbund var det 3369 aktive idrettsutøvarar i 2014 i Lindås. Talla i idrettsregistreringa er ikkje registrert på individnivå, difor veit vi ikkje kor mange personar som er aktive i fleire idrettar og dermed ikkje kor mange personar som er aktive i kommunen.

Dersom vi deler talet aktive på talet innbyggjarar, finn vi det vi har valt å kalle aktivitetsandelen. Aktivitetsandelen i Lindås er 22 %. Dette er 27 % under landsgjennomsnittet og lagast av kommunane vi samanliknar Lindås med.

Blant barn (6-12 år) finn vi 1234 aktive. Deler vi dette på talet innbyggjarar i same aldersgruppe, får vi ein aktivitetsdel på 86 %. Av utvalte kommunar har Meland og Askøy ein lågare aktivitetsdel blant born. Aktivitetsnivået blant born i Lindås ligg 25 % under landsgjennomsnittet. Aktivitetsdelen blant born på landsbasis er 115 %, det vil si at nokon born er aktive i fleire idrettar.

Blant ungdom (13-19 år) finn vi 789 aktive i Lindås. Dette tilsvarar ein aktivitetsdel på 53 %, ein aktivitet som er 19 % lågare enn aktiviteten i landet elles. Andelen ungdomsskuleelevar som seier dei er fysisk inaktive er på ca 17 % i Lindås kommune¹⁵.

¹⁴ Tabell 07662 ssb

¹⁵ Ungdataundersøkinga

Fleire undersøkingar konkluderer med at daglig fysisk aktivitet i skuletida betrar karakterane i norsk, engelsk og matematikk.

10.3 Psykisk helse

10.3.1 Psykiske symptom/lidingar

Det er svært vanskelig å talfeste psykiske lidingar fordi talet vil avhenge av kva for kriterier som bli lagt til grunn. Eit skilje som kan trekkast fram er mellom lettare psykiske lidingar som depresjon og angst, og tyngre psykiske lidingar som psykosar, kor ein opplever realitetsbrist, vrangforestillingar eller hallusinasjonar. Helse- og levekårsundersøkinga 2002 viser at 10 % av den norske befolkninga mellom 16 og 79 år har psykiske helseproblem. Det omfattar 13 % kvinner og 8 % menn. Personar med høg utdanning har i mindre grad psykiske helseproblem enn personar med låg utdanning¹⁶.

Tal for 2012 – 2014 viser at 141 per 1000 i alderen 0 – 74 år i Lindås hadde psykiske symptom og lidingar. Det er same tal for heile landet¹⁷. Lindås kan også samanlignes med Bergen, mens Meland og Os har færre tilfeller per 1000 innbyggjarar og Fjell og Askøy har fleire.

10.3.2 Psykiske symptom/lidingar blant born og unge

Psykiske lidingar hos born og ungdom utviklast i eit samspel mellom psykososiale og biologiske faktorar. Ein stor del av symptoma som viser seg i ungdomsalder, henger saman med oppvekstforhold i førskolealder. Sentrale risikofaktorar er forhold i familien som psykiske vanskar, rusmisbruk, mishandling og overgrep, vanskar på skulen, mobbing, lite sosial støtte, foreldrekonflikt/skilsmisse, flyktningar og innvandrarar med traumatiske opplevingar og/eller utfordringar knytt til etablering i ny kultur, samt biologisk og genetisk sårbarhet.

Andelen med psykiske symptom og lidingar i alderen 15-29 år i Lindås er høgare enn i landet elles. 158 per 1000 unge i Lindås har psykiske symptom og lidingar, mot 141 pr. 1000 i landet. Tal frå Ungdata 2013 viser at i ungdomsskulen er 18 % plaga med einsemd, og at 14 % melder om depresjon, og i vidaregåande skule er tala hhv 24 % og 18 %.

I alderen 15 – 29 år med psykiske symptom og lidingar ligg Fjell kommune med 173 per 1000, mens Bergen har 140 per 1000.

Hovudutfordringar og særtrekk

- Blant vaksne ser vi livstilsjukdomar som overvekt, hjarte- og karsjukdom og diabetes type 2.
- Unge strever med psykiske plagar, einsemd, og fleire strever med læringsutbytte i skulen.
- Låg del av born og unge som deltar i organisert idrett.
- Det er sosial ulikskap i helse, og det er ei samanheng mellom utdanning og helse
- Korleis kan kommunen arbeide målretta med å betre helsetilstanden/folkehelsa i kommunen?

¹⁶ <http://www.ssb.no/helse/artikler-og-publikasjoner/helse--31004>

¹⁷ Folkehelsa statistikkbank <http://khs.fhi.no/webview/>

11 Gode oppvekst- og læringsarenaer

Det er i dei tidlegaste åra at grunnlaget for framtidig helse og eit godt vaksenliv skapast. Ein av dei viktigaste faktorane for gode oppvekstvilkår er at foreldra er i jobb og har ei akseptabel inntekt, og at dei er i stand til å yte omsorg for borna¹⁸.

11.1 Barnehage

Barnehagar av høg kvalitet er svært viktig for å skape gode og jamne oppvekstvilkår for barn gjennom sosial og språkleg kompetanse. Kommunen har eit låg tal kommunale barnehagar (3), og dei fleste er private (12). Det er låg bemanning i barnehagane, og få tilsette med relevant utdanning. 96 % av styrarar og leiarar i dei kommunale barnehagane har pedagogisk utdanning, medan andre tilsette i kommunale barnehagar med relevant utdanning berre er 17 %. Snitt for landet er 45 % (Kommunebarometeret). Lindås kommune fyller derfor ikkje Folkehelseinstituttet sine kriterier for «kvalitetsbarnehagar».

Frå 1. mai 2015 innførte kommunen redusert foreldrebetaling for låginntektsfamiliar i alle barnehagar, og det er innført gratis kjernetid i tråd med nasjonale føringar.

11.2 Skule

Grunnskulen er ein sentral inkluderingsarena. Resultat i grunnskulen påverkar grad av fullføring i vidaregåande skule. I Lindås har fleire enn landssnittet lågaste mestringsnivå i lesing og rekning i 5. klasse. Nivået på nasjonale prøver på 8. og 9. trinn er langt under middels. I 10. klasse oppgjer 20 % at dei ikkje trivst, (landssnitt 15 %). 7,5 % seier at dei blir mobba i 10 klasse (Folkehelsebarometer 2015). Nær ein av fem fullfører ikkje vidaregåande skule i løpet av 5 år. Fråfall i vidaregåande skule er litt lågare enn snittet for landet (19 % for Lindås, 24 % for landet). I heile landet er det fleire som fullfører vidaregåande skule dersom foreldra har høgare utdanning. Det ser ein og i Lindås.

Det er få tilsette i SFO med relevant utdanning, og ingen har lærar- eller førskulelærerutdanning. Få har fagbrev, og dei fleste kommunane i landet har betre utdanna personell ved SFO enn det Lindås har.

Hovudutfordringar og særtrekk

- Få kommunale barnehagar.
- Barnehagar som ikkje oppfyller kriteret for «Kvalitetsbarnehagar»
- Ingen i SFO med lærar- eller førskuleutdanning.
- Låg mestringsnivå i lesing og rekning i 5. klasse og ved nasjonalw prøver på 8. og 9. trinn.
- Betre trivsel og kvalitet i grunnskule og vidaregåande skule for å auke gjennomføringa

¹⁸ http://www.hordaland.no/globalassets/for-hfk/plan-og-planarbeid/regional-planstrategi/regional-planstrategi-2016-20120_utfordringar.pdf

12 Kultur, idrett og friluftsliv

12.1 Kulturkommune

Lindås kommune brukar mindre av budsjettet sitt på aktivitetar knytt til kultur og idrett enn andre samanliknbare kommunar, og gjennomsnittet i landet og i Hordaland. Samstundes likar vi å kalle oss ei kulturkommune. Mykje takka vere det gode samarbeidet med lag og organisasjonar er det eit rikt og godt kulturtilbod i kommunen.

Høg aktivitet og høg kvalitet på tilbodet frå frivillige lag og organisasjonar, er eit særtrekk ved Lindås kommune. Korpsbevegelsen står særst sterkt. Kommunen har meir enn 350 aktive lag og organisasjonar. Det gode samspelet mellom desse og kommunen var hovudgrunngevinga for at kommunen ble kåra til kulturkommune i 2010. Kommunen har kulturskule, ungdomsklubbar, bibliotek, frivilligsentral m.m.

Kommunen manglar ei felles scene/lokale for store arrangement slik at ein kan arrangere festivalar/konsertar/ seminar. Lokala til hovudfilialen på biblioteket er ikkje store nok og tilfredsstillar ikkje krava til eit moderne bibliotek i ei kommune på Lindås kommune sin størrelse. Etter tidlegare rettleiande normer (det vert ikkje gjeve rettleiande normer lengre) skulle Lindås bibliotek ha vore på ca 1000 kvadratmeter. Kommunen har i dag 325 kvadratmeter. Bibliotek er til dømes ein god integreringsarena, og kan vere verdifull for å skapa dialog og nettverk mellom menneske.

12.2 Forventningar til kulturtilbodet

Frivillige lag og org. forventar at kommunen støttar opp om deira aktivitet. «Kulturmidlane» er viktig. I vedtatt kulturplan står det at desse skal aukast med 50% innan 2020 frå 2010 nivå.

12.3 Kulturminne

Kulturminne og kulturmiljø er rekna som samfunnet sine felles verdiar. Kulturminne skapar grunnlag for lokal samfunnsutvikling og har potensiale for kulturell, sosial og økonomisk verdiskaping. Berekraftig forvaltning av landskap og kulturminne gjer det til ein ressurs for nolevande og framtidige generasjonar i Lindås.

Sogelaget har behov for eit nytt «Strilamuseum» kor dei kan stille ut gjenstandane sine og drive med formidling. Kommunen treng og lokale for å kunne formidle å ta vare på kulturminnene til kommunen. Dette er viktig for å ta vare på og byggje opp om identiteten til innbyggjarane. Som igjen er viktig for å ha levande bygder og god stadsutvikling.

Mange av kulturminnene i kommunen er bygningar bygd av tre. Det kostar og vil vere krevjande å vedlikehalde desse. For nokon av bygningane er det behov for omfattande rehabilitering.

12.4 Idrett og friluftsliv

Kommunen bruker mindre av dei tilgjengelege midlane på å byggja og drifta idrettsanlegg enn andre samanliknbare kommunar. Talet på barn som er med på organisert idrett har gått ned i Lindås (se kap.10.2). Kommunen vil i løpet av 2016 vedta ein ny idrettsplan.

Hovudutfordringar og særtrekk

- Korleis til rette leggje for eit godt og variert fritids- og friluftstilbod for alle?
- Korleis bruke kultur- og idrettsarenaer som plattform for fellesskap og integrering?
- Korleis få fleire elevar med minoritetsbakgrunn inn i kulturskolen? I dag er det nesten ingen.
- Styrke inkludering av innvandrarak gjennom samarbeid med kultur- og idrettssektoren

13 Samfunnstryggleik og beredskap

Kommunen har eit heilskapleg ansvar for innbyggjarane sin tryggleik og beredskap. Dette er regulert gjennom forskrift for kommunal beredskapsplikt frå 2011. Føremålet med forskriften er å sikre at kommunen tek vare på innbyggjarane sin tryggleik og sikkerheit. Kommunen skal jobbe systematisk og heilskapleg med samfunnssikkerheitsarbeidet på tvers av sektorar i kommunen, med sikte på å redusere risiko for tap av liv eller skade på helse, miljø og materielle verdiar. Plikten etter forskrifta omfattar kommunen som mynde innafor sitt geografiske område, som verksemd og som pådrivar overfor andre aktørar.

Kommunen skal gjennomføre ei heilskapleg risiko- og sårbarheitsanalyse (ROS) som er forankra i kommunestyret. Lindås kommunen utarbeidde ei overordna ROS-analyse i 2012. Denne ROS-analysen fekk kommunen pris for. Kommunen har også eit særleg ansvar for å følgje opp ROS-analysen og implementere mål, strategiar, prioriteringar og tiltak i andre planar og prosessar. Basert på ROS-analysen skal kommunen utarbeide ein overordna beredskapsplan. Denne beredskapsplanen skal samordne og integrere alle beredskapsplanar i kommunen. Den overordna beredskapsplanen skal mellom anna innehalde ein plan for kommunal kriseleiing (KKL), varslingslister, ressursoversikt, evakueringsplanar og plan for krisekommunikasjon. Sentrale områder som skal vurderast i ROS-arbeid og beredskapsplanar er mellom anna:

- Brann – Auka lovkrav og kompetansekrav, endra bygningsmasse og bustadstruktur, auka fokus på førebygging og risikostyring
- Klima – Fleire naturskapt hendingar, fleire klimarelaterte hendingar
- Kriseberedskap – Større forventningar til kommunane ved krisehandtering
- Kriminalitet – meir samhandling med politi for å handtere spesielle situasjonar
- Miljørisiko – Auke av transport av farleg gods på sjø og land, lagring av avfall.
- Trafikktryggleik – Meir førebyggjande arbeid.
- Helse – brann får ei større rolle i tidlig fase, fleire bur heime lengre.